

REGULERINGSFØRESEGNER

I SAMBAND MED REGULERINGSPLAN FOR

SKJONGHAMNA

16.mai 2002

korr. 08.april.

§ 1.

Det regulerte området er vist på planen med reguleringsgrense.

§ 2.

Arealet innanfor reguleringsgrensa er regulert til:

1. Byggeområde.
Fritidsbygg, naust
Allmennyttige føremål - fleirbrukshus
3. Trafikkområde.
Vegar, køyreveg, parkering
og andre vegareal (vegskulder, trafikkøyer mm.)
Hamneområde
Hamneområde i sjø
Småbåtanlegg
6. Spesialområde.
Friluftsområde
Friluftsområde i sjø

§ 3.

Desse føresegnene kjem i tillegg til bygningslova og byggjevedtektene i Giske kommune.

§ 4.

Etter desse reguleringsføresegnene er tatt til å gjelde, er det ikkje tillete å etablera særrettar som strir mot desse føresegnene.

Fellesføresegner

§ 5.

Ubygde deler av tomte skal få ei tiltalende utføring. Ingen tre eller annan vegetasjon skal plantast i strid med krav til oversiktleg avkøyrsløse til offentleg veg.

§ 6.

Ingen gjerder kan oppførast utan samtykke frå det faste planutvalet. Form, farge og høgd må godkjennast av dette utvalet.

Føresegner for område til fritidsbygg, merka B1.

§ 7.

Området som er regulert til fritidsføremål innanfor planen sine grenser, er tiltenkt naust til fritidsbruk eller i tilknytning til fiske.

Utleige av naust som rorbuer er ikkje tillete.

Nausta skal byggast i rekke i ein etasje, og ha saltak med takvinkel på 30° - 40°.

Maksimal tillatne mønehøgde er 5.5 meter.

Skal det byggast dobbel-, eller fellesnaust, må ein splitte takkonstruksjonen til to eller fleire møner med gratrenne mellom.

Møneretning skal vere mot strandlinja. Ein harmonisk material og fargebruk må tilstrebast i området.

Naust skal byggemeldast.

Føresegner for område til almennyttige føremål, merka A1.

§ 8.

Hus på område som er avsatt til fleirbrukshus i tilknytning til hamna, skal oppførast i harmoni med nausta, og ha lik takform og takvinkel som desse. Elles gjeld dei same reglane som for område for fritidsbygg.

Føresegner for Kai / hamneområde og Hamneområde i sjø.

§ 9.

Desse områda omfattar kaiområde, molo og tilliggande sjøområde.

Vinsjhus, kraner ol. kan oppførast med løyve frå

kystverket og det faste utvalet for plan og byggesaker.

Skal deler av dette arealet nyttast til tildømes båttopplagsplass eller utgraving for å betre ma. tilgjenge til naust, må dette godkjennast.

§ 10.

Plan for mudring og molobygging må framleggast for kystverket og det faste planutvalet for godkjenning.

§ 11.

Det kan leggast ut flytebrygger på innsida av molo.

Desse skal ikkje hindre bruken av hamna for fiskeriinteresser i området.

Utlagde flytebrygger må ikkje hindre tilflott til innanforliggende naust og opphal. Ein må óg sikre tilkomst til almeningskaia.

Utleggig av flytebrygger må godkjennast av Kystverket, og må byggemeldast.

§ 12.

Fiskeriregistrerte båtar har fortrinnsrett, på ellers like vilkår, til plass i bryggeanlegget. Båtar på svai innanfor hamneområdet må ikkje hindre bruken av hamna.

Føresegner for område til småbåtanlegg S1 og S2.

§ 13.

Desse områda dekker fellesområda for hamna.

Her kan ein anlegge båtopptrekk.

Det er ikkje tillete å sette opp stengslersom td. vinteropplagde båter, gjerde m.m. som kan hindre allmen ferdsle i eller over dette området.

Føresegner for område til trafikkområde P1.

§ 14.

Parkeringsområde P1 skal sikre tilstrekkeleg med parkeringsareal for nausteigarar og brukarar av hamna.

Føresegner for spesialområde. Friluftsområde

§ 15.

Friluftsområde / friluftsområde i sjø er område som sikrar allmenheita tilgang til friluftsområde til rekreasjon og friluftsliv.

Det er ikkje tillatt å sette opp gjerder eller andre stengsler som kan hindre allmen ferdsle i desse områda.

I friluftsområde mellom naust og sjøline er det tillete å rydde stø for båthal.

Skal det støypast fast dekke, leggst skinner for båthal, o.a., må dette leggst fram for det faste utvalet for plan og byggesaker.

§ 16.

Trafikk i området med maskiner og tyngre reiskap er tillatt for nødvendig opparbeiding og vedlikehald av vører eller faste innretningar for opptrekk av båtar. Dette skal gjerast så skånsomt som mogleg. Ved skade på annanmans grunn, skal dette utbetrast av den som forårsaker skaden. Grunneigar skal varslast på førehand om det er fare for at slik skade kan bli påført.

§ 17.

I friluftsområde i sjø er det ikkje tillete å anlegge faste eller mellombelse innretningar som hindrar innanforliggende naust tilflott.



Solheim og Søvik AS